

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## Referat nr 5/16-17

**Tid** 25. januar 2017 kl 17.00

**Stad** Strøm 243

**Til stades med** **AHL:** Trym Nikolas Rimmen, Nikolai Bjørnevik Flisnes

**stemmerett:** **AMF:** Sindre Reinholdt, Jon Magnus Lindløkken

**AKF:** Herman Bjørneset Jensen, Bettina Indgjerd

**ASH:** Oda Skoglund, Silje Brekka

**FR:** Guro Kvist, Toril hagen

**Til stades utan** **AU:** Karoline Strand (leiar), Lisa S. Kalvø (nestleiar), Håvard Bjørnerem

**stemmerett:** (infoansvarleg), David Fiskaa (velferdsansvarleg), Marie Havnsund (entr. og næringslivs koordinatør)

**Kontrollkomitéen:** Sergei Levenco

**Andre:** Tormod Smedsvig (ordstyrar), Henny Elisabeth Sandvik, Pål Jonas Mundal, Marit Aklestad (referent)

### Sakliste:

Sak 00 – 16/17: Val av ordstyrar og teljekorps
Sak 01 – 16/17: Godkjenning av innkalling og referat
Sak 02 – 16/17: Godkjenning av sakliste og dagsorden
Sak 03 – 16/17: Orienteringar
Sak 26 – 16/17: Forretningsorden for studenttingsmøta
Sak 27 – 16/17: Godkjenning av rekneskap for 2016
Sak 28 – 16/17: Vedtak av budsjett 2017
Sak 29 – 16/17: Val av delegatar til landsmøtet i NSO
Sak 30 – 16/17: Høyring: styringsmodell HVO
Sak 31 – 16/17: Behov for bokhandel på campus
Sak 32 – 16/17: Matstasjon på Kaarstad
Sak 33 – 16/17: KPL-workshop
Sak 34 – 16/17: Endring av vedtektene til STiV
Sak 35 – 16/17: Ymse

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## Sak 00 – 16/17 Val av ordstyrar og teljekorps

---

Arbeidsutvalet endra si innstilling til ordstyrar frå Nikolai Hannevik Nordlid til Tormod Smedsvig.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner Tormod Smedsvig som ordstyrar.

Arbeidsutvalet innstilte Serghei Levenco og Marit Aklestad som teljekorps.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner Serghei Levenco og Marit Aklestad som teljekorps.

## Sak 01 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

---

Ingen merknadar.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner innkallinga og referatet.

## Sak 02 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

---

Det vart meldt inn 2 eventuelsaker.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden.

## Sak 03 – 16/17 Orienteringar

---

Arbeidsutvalet v/ Karoline Strand informerte om bl.a. følgjande:

- LMU dialogmøte 26. jan. kl 13.00, ope for alle på mediefag.
- Allmøte med HVO om styringsmodell (tilsett eller vald rektor) 1. februar kl 11-14. Oppmoding til alle i studenttinget om å møte.
- Høgskulestyret skal vedta strategiplan 2017-2020 på styremøte 26. januar. AU har sendt inn høyringssvar. Grunna kort svarfrist rakk vi ikkje å ta opp denne saka i Studenttinget.

Tormod Smedsvig informerte frå studentsamskipnaden i Volda (SiVolda):

- Vedteke nytt bustadbygg på Heltne med om lag 120 hybeleiningar.

**Vedtak:** det vert ikkje gjort vedtak i orienteringssaker

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## **Sak 26 – 16/17 Forretningsorden for Studenttinget**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Karoline Strand orienterte om framlagt forslag til forretningsorden for studenttingsmøta. På vegner av arbeidsutvalet fremja ho to tilleggsforslag:

- Maks tre innlegg per person per sak
- Studenttinget kan oppheve strek med ordinært fleirtal

**Vedtak:** Studenttinget vedtek føreliggjande forretningsplan til studenttingsmøta, med fylgjande tillegg:

- Maks tre innlegg per person per sak
- Studenttinget kan oppheve strek med ordinært fleirtal

## **Sak 27 – 16/17 Godkjenning av rekneskap for 2016**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Håvard Bjørnerem la fram endeleg rekneskap for 2016 og svarte på spørsmål. Studenttinget kom med fylgjande ynskjer:

- At det i referatet frå studenttingsmøtet vert lagt ved oversikt over tildeling av velferdsmidlar 2016
- At det vidare framover vert lagt ved referat frå AU-møter der det er gjort vedtak om tildeling av velferdsmidlar.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner rekneskapen for 2016

## **Sak 28 – 16/17 Vedtak av budsjett 2017**

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

---

Håvard Bjørnerem la fram forslag til budsjett for 2017. HVO har auka si støtte med 15 000 frå i fjor. I forslaget er desse midlane sett på potten «seminar og kurs», då arbeidsutvalet vil auke aktiviteten på dette området og få til fleire og/eller større arrangement for studentane.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## Budsjett 2017

Budsjetterte inntekter	
Støtte frå HVO	kr 125 000
Støtte frå SiVolda	kr 90 000
Standleige	kr 5 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 220 000</b>

Budsjetterte utgifter				
Drift av STiV		Støtte til studentaktivitet		
Seminar, kurs o.l.	kr 39 000	Lag/organisasjonar (velferdsmidlar)	kr 85 000	
Møtegjennomføring	kr 23 000	Fadderveka	kr 5 000	
Informasjon/profilering	kr 35 000	Pris, internasjonalisering	kr 5 000	
Sosialt	kr 20 000			
Drift	kr 3 000			
Anna	kr 5 000			
<b>Sum</b>	<b>kr 125 000</b>	<b>Sum</b>	<b>kr 95 000</b>	

**Handsaminga:** Håvard Bjørnerem svarte på spørsmål. Ingen alternative forslag.

**Vedtak:** Studenttinget godkjenner budsjettet for 2017

## Sak 29 – 16/17 Val av delegatar til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

---

Karoline Strand informerte om det komande landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon (NSO). Studenttinget skal velje 4 utsendingar; tre delegatar og ein observatør. Utsendingane konstituerer seg sjølve.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vel fire utsendingar og 3 varaer til landsmøtet i Norsk studentorganisasjon

**Handsaminga:** Disse stilte til val:

- Henny Elisabeth Sandvik

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



- Silje Brekka
- Nikolai Flisnes
- Trym Rimmen
- Oda Skoglund
- Håvard Bjørnerem
- Karoline Strand

**Votering:** urneval

**Vedtak:** Hovudutsendingar: Karoline Strand, Nikolai Flisnes, Håvard Bjørnerem og Silje Brekka

Første vara: Oda Skoglund, andre vara: Trym Rimmen, tredje vara: Henny Elisabeth Sandvik.

## **Sak 30 – 16/17      Høyring: styringsmodell for HVO**

Type sak:                      Vedtakssak  
Sakshandsamar:              Lisa Storheim Kalvø

---

Lisa Storheim Kalvø orienterte og la fram forslag om å utsetje saka til neste studenttingsmøte, slik at STiV får høve til å delta på allmøtet den 1. februar før ein kjem med innspel.

**Forslag til vedtak:** Saka vert utsett til neste studenttingsmøte, den 22. 02.17.

**Votering:** Vedtatt

## **Sak 31 – 16/17      Bokhandel på campus**

Type sak:                      Vedtakssak  
Sakshandsamar:              Marie Havnsund

---

Marie Havnsund la fram saka om behovet for bokhandel på campus. Leiinga er i ein prosess der dei vurderer arealbehov knytt til det nye mediebygget, og vil ha innspel på om det bør prioriterast plass til bokhande. Leiinga lurar på om og korleis bokhandelen er i bruk i dag, og kva studentane tenkjer om vidare bokhandeltilbod på campus.

Studenttinget drøfta saka, og det kom fram argument både for og imot behovet for bokhandel på campus.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Eit fleirtal av innlegga i debatten gjekk i retning av at ein bokhandel høyrer heime på campus, men at bokhandeltilbodet må tilpassast nye handlemønster og behov.

<b>Argument for bokhandel:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Høyrer heime på campus, studentar har framleis bruk for bokhandel</li><li>• Ikkje alle er komfortable med å bestille pensum på nett</li><li>• Ein fysisk butikk gjev moglegheit til å gå innom der og då og hente boka. God kjensle å ha boka i handa. Nettbutikkar kan ha lang leveringstid.</li><li>• Bra for late menneske – lett vint å stikke innom på veg heim</li><li>• Sel ikkje berre bøker, men også kontorrekvisita og småting. Kosen forsvinn med nettbutikk.</li><li>• Er serviceinstilte og hjelpsame, bestiller inn det du treng</li><li>• Nokre studieretningar nyttar bokhandelen hyppig, særleg studium med stort pensum og tradisjonelle lærebøker</li></ul>	<b>Forslag til forbetringar/endingar om bokhandelen blir verande:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bør ha god (endå betre) studentrabatt</li><li>• Prisane må konkurrere med nett</li><li>• Mange veit ikkje om dagens akademika-app med studentrabatt. Bokhandelen må drive betre PR.</li><li>• Ordninga dei har for å bestille på nett og hente i butikk er også lite kjend</li><li>• Pensumlister frå HVO må kome i god tid slik at bokhandelen får tid til å bestille inn bøker i tide</li></ul>
<b>Motargument:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire har erfart at bokhandelen ikkje har dei bøkene ein treng – dersom bøkene må bestillast, kan ein likegodt bruke nettbutikkar</li><li>• Dyrare bøker enn på nett</li><li>• Fleire studium har ikkje lenger pensumbøker i tradisjonell forstand, men nettbaserte løysingar og kompendium</li><li>• Tida for fysisk bokhandel er forbi, behovet vil bli mindre og mindre framover</li><li>• Nettbestilling er meir lett vint, sidan du får levert bøkene heim i postkassa</li><li>• Nokre studentar får tak i det dei treng av bøker på biblioteket</li></ul>	<b>Forslag til alternative løysingar om bokhandelen forsvinn:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Opprette avtale med nettbokhandel som får tilsendt pensumlister</li><li>• Skrankebasert løysing med t.d. basisutval av bøker til dei største studia og litt kontorrekvisita</li><li>• Kan biblioteket selje kontorrekvisita?</li><li>• Forsvinn bokhandelen, må biblioteket utvide sortimentet sitt, og ha meir enn to eksemplar av kvar bok</li></ul>

AU tek med seg innspela attende til leiinga.

**Vedtak:** det blir ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## Sak 32 – 16/17 Matstasjon på Kaarstad

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: David Fiskaa

Etter vedtak frå Studenttinget vart kantina på Kaarstad lagt ned i 2015. Studentane på Kaarstad etterspør eit betre mattilbod på Kaarstad, og arbeidsutvalet ynskjer difor at studenttinget diskuterer moglege løysingar. Per i dag er der automatar med varm og kald drikke og snacks (sjokolade, chips og vestlandslefse).

Studenttinget ser på det som eit paradoks at Kaarstad har flest studentar, men lengst veg til noko mattilbod. Mangel på mattilbod går ut over læringa. Studenttinget kom med fylgjane innspel:

<p><b>Matutvalet må bli betre i automatane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sunn og mettande mat. Ikkje bra at lefser og chips er einaste alternativ</li><li>• Påsmurt, noko å bli mett på</li><li>• Mister Lee betre enn vestlandslefse</li><li>• Sunnare alternativ som juice, mjølk, iste, frukt, ikkje berre kaffi og redbull</li><li>• Dette gjeld også automatane på Aasen og Strøm. Finn ei god automatløysing for heile campus.</li><li>• Prisen bør vere overkomeleg, som i kantina</li></ul>	<p><b>Fleire automatar og betre plassering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Behov for fleire automatar: køane i dei korte pausene på Kaarstad er så lange at mange ikkje rekk å kjøpe det dei ynskjer.</li><li>• Automatane er også ofte tomme, tyder på marknad for fleire automatar</li><li>• Ugunstig at begge automatane står i kjellaren. Dei bør plasserast meir spreidd slik at dei er lettare å nå.</li></ul>
<p><b>Endring av timeplanen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Eit problem på Kaarstad at alle har pause samstundes, og at pausane er svært korte</li><li>• Det er uråd å rekke bort på BK utan å kome for seint til timen</li><li>• Ved å endre timeplanen til lengre matpause, kan studentane gå til BK i lunsjpausen. Det vil kantina også tene på.</li><li>• Det vil også vere gunstig at ikkje alle har pause samstundes. Det vil minske køane både på automatane og i kantina.</li></ul>	<p><b>Andre tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Styret i SiVolda bør sjå på saka og vurdere tiltak</li><li>• Sjølv om kanskje ikkje SiVolda vil tene på eit mattilbod på Kaarstad reint økonomisk, er det i studentane si interesse å ha eit betre tilbod enn i dag.</li><li>• Ein kan også vurdere eksterne aktørar, slik som t.d. Asia-matvogna i sentrum – kanskje kan ho stå ved Kaarstad nokre timar om dagen?</li></ul>

**Forslag til vedtak:** Det blir ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



## Sak 33- 16/17 KPL-workshop

Type sak: Diskusjonssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

Karoline informerte om planane om ein KPL-workshop (kreativ problemløysing) for AU og Studenttinget. Planen er at ein kan arbeide saman og skape nokre konkrete produkt i form av nye arbeidsbeskrivingar til AU og nytt arbeidsprogram for studenttinget. AU legg opp til innleigd workshop-haldar, og er difor avhengig av at studenttingsrepresentantane vil delta på eit slikt opplegg.

Innspel frå Studenttinget:

- Må informere godt på førehand og vere tydeleg på kva folk går til
- Bra å også kunne mentalt førebu seg på det som skal skje.
- Bør vere eit tydeleg tema
- Tidsrom rundt månadsskriftet februar/mars kan passe

**Vedtak:** det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker

## Sak 34- 16/17 Endring av vedtektene til STiV

Type sak: Vedtakssak  
Sakshandsamar: Karoline Strand

### Framlegg til redaksjonelle endringar i vedtektene frå AU:

<b>§1.3 Definisjonar</b>	<b>Redaksjonelt - tilleggsforslag</b>
<b>FRA:</b>	STiV-representantar: Dei 11 valde representantane i Studenttinget i Volda
<b>TIL:</b>	STiV-representantar: Dei 11 valde <b>hovud</b> representantane i Studenttinget i Volda

<b>§5.4 Funksjonstid, punkt d)</b>	<b>Redaksjonelt - tilleggsforslag</b>
--	---------------------------------------



# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



<b>FRA:</b>	d) Dersom eit medlem i arbeidsutvalet sluttar ved HVO, må vedkomande trekke seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.
<b>TIL:</b>	d) Dersom eit medlem <b>av</b> arbeidsutvalet sluttar <b>som student</b> ved HVO, må vedkomande trekke seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.

<b>§6.1 Generelle vedtak, punkt c)</b>	<b>Redaksjonelt - tilleggsforslag</b>
<b>FRA:</b>	c) Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd med Høgskulen og Samskipnaden.
<b>TIL:</b>	c) Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd med Høgskulen og <b>Studentsamskipnaden i Volda.</b>

<b>§12.3 Møtegjennomføring, punkt b)</b>	<b>Redaksjonelt - endringsforslag</b>
<b>FRA:</b>	b) Ein av styremedlemmane i STiV er møteleiar.
<b>TIL:</b>	b) Ein frå <b>arbeidsutvalet i STiV</b> er møteleiar.

<b>§16.1 Valmåde</b>	<b>Redaksjonelt - endringsforslag</b>
<b>FRA:</b>	b) Studium med nettstudentar eller halvtidsstudentar treng ikkje tillitsvalde for STiV si verksemd.
<b>TIL:</b>	b) Studium med nettstudentar eller <b>deltids</b> studentar treng ikkje tillitsvalde for STiV si verksemd.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner alle redaksjonelle endringar nemnt ovanfor.

**Votering:** Samrøystes vedteke.

## **Framlegg til endringsforslag til vedtektene:**

Må vedtakast ein for ein.

<b>§3.2 Generelle vedtak, punkt c)</b>	<b>Endringsforslag 1:</b> Endringsforslag
--	--

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



<b>FRA:</b>	Studentrådet skal ha minst to møte i kvart semester. Det første møtet i haustsemesteret kan slåast saman med kurs for dei tillitsvalde.
<b>TIL:</b>	Studentrådet skal ha minst eit møte kvart semester. Møtet på haustsemesteret kan kombinerast med kurs for dei tillitsvalde.
<b>BAKGRUNN:</b>	Studentrådet har berre hatt eit møte per semester dei siste åra. Det burde kunne være opp til arbeidsutvalet om det er naudsynt med to møter per semester eller ikkje. Ei slik endring gir også Fagansvarleg meir fridom i sitt arbeid.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 1 over.

**Votering:** samrøystes vedteke.

<b>§4.1 Generelle vedtak, nytt punkt</b>	<b>Endringsforslag 2: Tilleggsforslag</b>
<b>FRA:</b>	
<b>TIL:</b>	f) Dersom ein som studentrepresentant i studenttinget er fráværande på to møter eller meir utan å melde avbod, har arbeidsutvalet rett til å bestemme om denne representanten får fortsette i tinget.
<b>BAKGRUNN:</b>	I enkelte tilfelle skjer det at tinget har representantar som ikkje møter på møta, og heller ikkje seier ifrå. Vi ønskjer difor moglegheita til å fjerne representantar som ikkje oppfyller møteplikta.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 2 over.

**Votering:** samrøystes vedteke.

<b>§5.1 Generelle vedtak</b>	<b>Endringsforslag 3 Endringsforslag</b>
<b>FRA:</b>	c) Medlemene i arbeidsutvalet kan ikkje stille til eller inneha verv i Høgskulestyret
<b>TIL:</b>	c) Leiar og nestleiar i arbeidsutvalet kan ikkje stille til eller inneha verv i Høgskulestyret.
<b>BAKGRUNN:</b>	Vi meiner at dei andre medlemene i AU burde få moglegheita til å stille til Høgskulestyret på lik linje med andre studentar. Vi meiner at dette

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



	ikkje gjeld leier og nestleiar, som vil arbeide for tett opp mot Høgskulestyret frå før av.
--	---

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 3 over.

**Votering:** Ikkje vedteke. Fall med 4 mot 6 stemmer.

<b>§6.1 Generelle vedtak</b>	<b>Endringsforslag 4</b> <b>Endringsforslag</b>
<b>FRA:</b>	b) Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret, og utarbeidar stillings- og arbeidsinstruks for organisasjonskonsulenten. Stillings- og arbeidsinstruksen må godkjennast av Studenttinget.
<b>TIL:</b>	b) Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret, og utarbeidar stillings- og arbeidsinstruks for organisasjonskonsulenten. Stillings- og arbeidsinstruksen må godkjennast av <b>arbeidsutvalet</b> .
<b>BAKGRUNN:</b>	AU er den som har godkjent stillings- og arbeidsinstruksen dei siste åra og vil halde fram med dette. Ei slik godkjenning må ofte skje i farta, og det vil vere vanskeleg å skulle halde eit ekstraordinært møte berre for ein instruks. AU er i tillegg det organet som kjenner organisasjonens behov best og kan sikre at oppgåver blir ivaretekne i instruksen.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 4 over.

**Votering:** samrøystes vedteke.

<b>§13.2 Rettar og plikter, punkt a</b>	<b>Endringsforslag 5:</b> <b>Strykningsforslag</b>
<b>FRA:</b>	a. Fylgjande har møteplikt: <ul style="list-style-type: none"><li>• Studenttingsrepresentantane</li><li>• Arbeidsutvalet</li><li>• Sekreteriatet</li><li>• Ein representant frå høgskulearbeidsutvalet</li><li>• Ein representant frå SfS-arbeidsutvalet</li><li>• Kontrollkomiteen</li></ul>
<b>TIL:</b>	a. Fylgjande har møteplikt: <ul style="list-style-type: none"><li>• Studenttingsrepresentantane</li><li>• Arbeidsutvalet</li><li>• Sekretariatet</li><li>• Kontrollkomiteen</li></ul>
<b>BAKGRUNN:</b>	Det er ikkje noko som heiter arbeidsutvalet for verken høgskulestyret eller SfS. Vi meiner også at det ikkje alltid er relevant at desse representantane møter på alle møta. Desse representantane er også ivaretatt av "alle" under møterett.

# Studenttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 5 over.

**Votering:** samrøystes vedteke

<b>§13.3</b> <b>Møtegjennomføring,</b> <b>punkt f)</b>	<b>Endringsforslag 6:</b> <b>Tilleggsforslag</b>
<b>FRA:</b>	f) Ved røysteliskap får alle studentar som er til stades røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar.
<b>TIL:</b>	f) Ved røysteliskap får alle studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades, blir saka utsett til neste møte.
<b>BAKGRUNN:</b>	Det har tidlegare vore tilfelle at det ikkje har vore andre studentar til stades på møtet. Då vil ikkje saka ha nokon framgang, og vil uansett måtte utsetjast. Vi ønskjer berre å konkretisere dette i vedtektene.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget vedtek endringsforslag 6 over.

**Votering:** samrøystes vedteke.

**Forslag til vedtak:** Studenttinget godkjenner vedtektene i sin heilskap, og gjev arbeidsutvalet redaksjonell fridom til å oppdatere vedtektsdokumentet.

**Votering:** samrøystes vedteke.

## Sak 35- 16/17

### Ymse

Type sak: orientering/diskusjon  
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

#### Sak 35.1 – 16/17:

##### **Standreglement for HVO: kan politiske parti ha stand?**

Studenttinget diskuterte saka og var samstemte i at politiske parti er velkomne til å ha stand på HVO på lik linje med andre aktørar, både ideelle og kommersielle. Dei må sjølvstilt rette seg etter det generelle standreglementet på lik linje med andre.

Det kan også vere aktuelt å invitere dei ulike politiske partia til eit valborg før stortingsvalet til hausten.

# Studentttinget 2016-17

Referat nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



**Sak 35.2 – 16/17: Skiltendring, dame- og herretoalett ved Strøm-auditoriet**

Ved Strøm-auditoriet er det eit dametoalett og eit herretoalett. Det er alltid kø på damedo, og sidan dette er snakk om enkeltstående do, og ikkje do med fleire båsar, ynskjer studentttinget at skiltinga blir endra til dame/herre på begge toaletta, slik at toaletta kan brukast uavhengig av kjønn. Slik er det fleire stader på BK, og det fungerer godt. AU vil ta opp saka med avd. for drift.

**Vedtak:** det vert ikkje gjort vedtak i ymse-saker.

*Møteslutt kl 19.45*

*Referent Marit Aklestad*